



# BLI MED PÅ LAGET!

## TRENG DU EIN ORGANISASJON SOM:

- Jobbar for dine økonomiske og sosiale rettar?
- Vil noko anna for landbruket og bygdene enn den utviklinga vi ser i dag?
- Aktivt bygger alliansar med fagrørsla, forbrukarinteresser og miljørørsla?
- Har eit sterkt medlemsdemokrati med kort veg frå kvart medlem til styret?
- Gir deg gode medlemsfordelar, støtte i ditt daglege arbeid og eit sosialt fellesskap?

Norsk Bonde- og Småbrukarlag sitt arbeid er basert på inntekter frå medlemskontingent. Fleire medlemmar gir oss større politisk tyngde til å utfordre etablerte strukturar og sikre bonden sine rettar. Vi treng deg, ditt engasjement og dine idear!

## SOM MEDLEM FÅR DU:

- Gunstige forsikringstilbod gjennom Gjensidige.
- 30% rabatt på arbeidstøy hos Wenaas.
- Advokatavtale med Henriksen & Co.
- Økonomirådgiving.
- Møglegheit til å påverke organisasjonen og norsk landbrukspolitikk.
- Eit fagleg og sosialt fellesskap.
- Studieringar og kurs.
- Avisa Bonde og Småbruker tilsendt åtte gonger i året.

Sjekk ut smabrukralaget.no/bli-medlem, kontakt oss på tlf 22005910 eller send ein e-post til medlem@smabrukralaget.no.



Scann QR-koden  
og meld deg inn  
i laget!




Foto: Helene Olli Solliid



# SAU

I 2024 er det i Noreg om lag 900 000 vaksne sauер fordelt på rundt 13 000 bruk over heile landet. I snitt er det 70 sauere per bruk, og storparten av sauene er på utmarksbeite i løpet av sommaren.

Økonomien i sauennæringa treng eit realt løft. NBS meiner at tilskot til sauennæringa må premiere berekraftig drift basert på utnytting av utmark og lokalt ressursgrunnlag. Arealtilskot bør vere teigbasert, og det skal stimulere til optimal planteproduksjon ut frå naturgitte vilkår og behov i marknaden. Store volumproduksjonar bør i større grad ta inntekta frå marknaden.

Berre kring halvparten av beiteressursane i utmark er utnytta, og potensialet for å auka sauehaldet er stort. Samtidig er næringa sårbar for overproduksjon, og marknads- og produksjonsregulerande verkemiddel er nødvendig når ein skal styrke økonomien i saueproduksjonen.

Målet i sauehaldet er å produsere mat, skinn og ull i tråd med ressursgrunnlaget. Lettare og meir nøysame raser har ei rolle i dette arbeidet for deira gode beiteeigenskapar, evne til å gå i flokk, og spesielle pels- og kjøttkvalitet. Næringa har eit ansvar for å ta vare på gamle, norske sauerasar.



Tilskot til  
sauennæringa må  
premiere bruk av  
utmark og lokalt  
ressursgrunnlag



## Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil ha:

- Auka lønnsemid i sauehaldet, også i produksjonar med lettare og meir nøysame rasar enn NKS. Eit tiltak er å innføra driftstilskot på linje med ammekuproduksjonen.
- Betre tilrettelegging for auka bruk av utmarksbeiteressursane og for at sauebonden kan utnytta vekstsesongen i sitt område.
- Innføring av produksjonsregulering i sauennæringa for å unngå overproduksjon. Regulering av produksjonen må ikkje vera strukturdrivande, den må gi moglegheit til rekruttering av nye produsentar og god utnytting av lokale ressursar.
- Tilskot til investering for å fornya driftsapparat. Omfanget på utbygging må retta seg etter tilgang på lokale arealressursar til grovfôr og beite.
- Betre prisar for norsk ull til norske produkt frå industrien.

## Norsk Bonde- og Småbrukarlag arbeider for sauennæringas sak på fleire ulike måtar:

- I interne utval med fokus på matproduksjon, økonomi, utnytting av ressursar og kampen om utmarka i møte med turisme, hytteutbygging og rovvilt.
- I samarbeid med andre faglag og organisasjonar i jordbruket.
- Gjennom konferansar og seminar, mellom anna den årlege utmarkskonferansen.
- I jordbruksforhandlingane.

Som medlem får  
du eit fagleg og eit  
sosialt fellesskap!

